

Folkedans i Hordaland

behov og moglegheiter



Utarbeiding av rapport ved prosjektleiar for forprosjektet Magni Rosvold

Design og grafisk utforming: Wiebke Lüders

Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet

Voss, 2016

FORORD

Saman skal vi skapa eit løft for tradisjonsdansen i Hordaland

Hardingfela.no si satsing på folkedansen er eit av fleire prosjekt under satsinga på hardingfeletradisjonen *som heilskap*. Tradisjonsdansen bør i høgaste grad sjåast som ein vesentleg og naturleg del av hardingfeletradisjonen, då hardingfela opp igjennom tidene mellom anna har vore eit bruksinstrument nettopp for dansespel (Bjørndal & Alver, 1985).

Det er mykje godt arbeid som blir gjort når det gjeld folkedans i Hordaland, men samhandling og koordinering må til for å få eit skikkeleg løft for folkedansen i fylket.



Eli Børsheim Kvåle og Torkjell Lunde Børsheim dansar springar under Landskappleiken 2015. Foto: Anbjørg Myhra Bergwitz.

Fyrst vil vi takka Hordaland fylkeskommune for at ein gjennom forprosjektet har fått moglegheit til å kartlegge potensialet og kva det er behov for i fylket vårt når det gjeld ei satsing på tradisjonsdans. Ein lyt også få takka alle interne og eksterne, kloke og erfarne ressurspersonar som har vore til hjelp og kome med nyttige og viktige refleksjonar og innspel, i meir og mindre formelle møter. Desse bidragsytarane har blant andre vore Sigurd Johan Heide, Tone Erlie, Inga Myhr, Halldis Folkedal,

Martin Myhr, Arngunn Timenes Bell, Torkjell Lunde Børsheim, Kristoffer Kleiveland, Sigrid Kjetilsdotter Jore, Vegar Vårdal, Maria Skjeldrum Toppe, Silja Solvang, Unni Boksasp, Per-Øyvind Tveiten, Astri Sudman, Magne Kleiveland, Elna Selle, Anna Gjendem, Knut Blikberg, Monika Antun, Hanna Kvalheim Hekkelstrand, Jan Helge Opheim, Martha Torill Strømme, Johanna Mjeldheim og Johanne Løkensgard Mjøs. Innspela frå desse personane har vore til stor hjelp i arbeidet med å leita etter dei gode døma og kva for eventuelle utfordringar ein kan komma til å møte på ved ei satsing på folkedansen. Innspela har også vore til stor hjelp i utarbeidinga av skissene for dei ulike framlegga til tiltak ein ser som vesentleg i eit hovudprosjekt.

Også ein særskilt takk til gode kollegaer på Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum, representantane for samarbeidspartnarane Hordaland Folkemusikklag og Hordaland ungdomslag, og rådsmedlemene i Rådet for Hardingfela.no.

Det er viktig å presisera at ansvaret for framlegga, utforminga og formuleringa i denne rapporten ikkje ligg på nokon av desse bidragsytarane, men hjå prosjektleiar for forprosjektet, og at eventuelle kommentarar og spørsmål lyt rettast til denne.

Voss 29. juni 2016

JO ASGEIR LIE

Rektor Ole Bull Akademiet

RANDI BÅRTVEDT

Direktør Hardanger

og Voss museum

MAGNI ROSVOLD

Prosjektleiar

INNHALD

Forord	1
1 Innleiing	5
1.1 Formålet med forprosjektet	6
1.2 Metode og framgangsmåte	6
2 Kvifor «Folkedans i Hordaland»?	7
2.1 Immateriell kulturarv	7
2.1.1 Hordaland sitt særlege ansvar	8
2.2 Stoda til folkedansen i Hordaland i dag	9
2.2.1 Fylkeslaga - Hordaland Ungdomslag og Hordaland folkemusikklag	10
2.2.2 Tradisjonsdans som ein del av kunst- og kulturoplæring i barnehagar og skule	10
2.2.3 Kulturskulane i Hordaland	12
3 Eit behov for ei satsing?	12
4 Formålet med ei hovudprosjekt	13
5 Samarbeid og samordning	13
5.1 Døme på gode samarbeid	14
6 Tiltak i eit hovudprosjekt	15
6.1 Møteplassar og formidling	17
6.1.1 Spel og song til dans, og dans til spel og song	17
6.1.2 Møteplassar for born og unge	18
6.1.3 Å tidleg få møta musikken og dansen	18
6.1.4 Kurs for born og unge	19
6.1.5 «Bornas Folkefest»	19
6.1.6 Den lokale kulturelle skulesekken	19
6.2 Fysiske arenaer for møteplassar og formidling	20
6.2.1 «Huset i bygda»	20
6.2.2 Ole Bull Akademiet	21
6.2.3 Musea	21
6.3 Utvikling og kompetanseheving	22
6.3.1 Instruktørseminar	22
6.3.2 Tilbod for barnehage- og skulelærar	23
6.3.3 'Workshops' for tradisjonsdansarar i Hordaland	23
6.3.4 Folkedanslab i Oslo	24
6.3.5 Meisterlære	24
6.3.6 Ei gruppe av og for røynde dansarar.	25
6.4 Rekruttering	25

6.5	Møteplass for gode idear, aktivitetar og erfaringar	27
6.6	Arbeid med arkivmateriale	28
6.7	«Bygda dansar» til Hordaland	28
6.8	Tradisjonsdansen på scena	29
6.8.1	Tradisjon og nyskaping	30
6.8.2	Riksscenen	30
6.8.3	Dansekompani	31
6.8.4	Hordalendingar på kappleikscena	32
6.9	Ut i verda til eit breitt publikum	33
7	Synergieffektar	33
8	Organisering	34
8.1	Samarbeidspartnarar	35
8.2	Prosjektleiars oppgåver	36
9	Prioritering av tiltaka - Ein førebels prosjektplan	36
	1. periode 2016-2017	37
	Hausten 2016	37
	Våren 2017	38
	2. periode 2017-2018	40
	Hausten 2017	40
	Våren 2018	41
	3. periode 2018-2019	42
	Hausten 2018	42
	Våren 2019	43
	Perioden 2019-2022 «Bygda dansar»	43
10	Økonomi og finansiering	44
11	Samandrag	44
	Litteratur- og kjeldeliste	49
	Nettkjelder	49

1. INNLEIING

Forprosjektet for «Folkedans i Hordaland» er eit prosjekt under Hardingfela.no – som Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum har initiert og eig saman. Hardingfela.no skal vera ein aktivitetsgenerator for hardingfeletradisjonen som heilskap. Som også forprosjektrapporten for Hardingfela.no (Kjerland, 2013) peikar på, må ei satsing på hardingfela femna om både instrument, instrumentmaking, musikken og *dansen*. Dansen høyrer inn under den immaterielle delen av hardingfeletradisjonen. Nemnde rapport peikar også på at det er viktig å leggja til rette for dei tradisjonelle bruksmåtane av hardingfelemusikken, mellom anna gjennom å sjå og forstå dans og musikk i gjensidig samspel, og at det difor skal arbeidast med dans som ein del av *heilskapen* og ikkje som eit lausrive uttrykk.

Forprosjektet for «Folkedans i Hordaland» har fungert både som eit forstudie, og rommar også ein *innleiande* igangsettingsfase – fassen der ein vidare organiserer prosjektet. I forprosjektet har ein freista å undersøka korleis situasjonen for folkedansen i Hordaland er i dag. Med bakgrunn i undersøkinga har det blant anna vorte arbeid med forslag til tiltak i eit hovudprosjekt. Under arbeidet har ein sett at det er naudsynt, og på høg tid, at folkedansen i Hordaland no får eit løft. Med utgangspunkt i dei seks hovudsatsingsfelt¹ Hardingfela.no arbeidar på, står også tre-fire av desse felt fram når det gjeld ei satsing på tradisjonsdansen. Dette gjeld då spesielt felt tradering og rekruttering, og formidling, men også arkiv og nettstad er område ein lyt ta i betraktning.

Rapporten knytt til forprosjekt «Folkedans i Hordaland» inneheld framlegg til og oppmodingar omkring korleis eit hovudprosjekt kan organiserast, gjennomførast og bidra til positive tilhøve for tradisjonsdansen. I tillegg er det freista å peika på potensielle utfordringar ein kan støyta på, og korleis ein eventuelt kan gripa an desse. Rapporten munnar ut i eit framlegg til plan for gjennomføring av eit hovudprosjekt, og kan såleis tena som ein strategisk plan for arbeidet med det, då den skildrar kva som skal gjerast. Han inneheld også ei skissering av konkrete tiltak som ein kan sjå vesentlege å få satt i gong.

For kvart av åra i hovudprosjektperioden er det likevel naudsynt å sjå nærare på dei tiltaka ein prioriterer å arbeida med i det bestemte året, og vidare utarbeida ein meir konkret og detaljert handlingsplan. I denne utarbeidinga bør det sjåast vesentleg å ha

1 Tradering og rekruttering; felemakeri; nettstad; arkiv; forskning; formidling (Kjerland, 2013:39).

ein god dialog og eit godt samarbeid med dei ulike aktørane som er involvert i dei bestemte tiltaka. Difor lyt også framlegga om tiltak sjåast som nettopp det dei er: *framlegg*, då det er eit poeng at lokalmiljøa bør vera med i ei meir utstrekt grad i prosessen med å utarbeida meir konkrete og detaljerte planar.

1.1 FORMÅLET MED FORPROSJEKTET

Forprosjektet vart initiert med det formålet at det skulle kunne bidra til ei grundigare klargjering av korleis ei satsing på folkedansen i fylket bør sjå ut, og kva den skal dreia seg om, når det gjeld

- innhald
- rolle
- organisering

I tillegg såg ein eit behov for å sjå ei satsing på tradisjonsdansen i Hordaland i samanheng med det arbeidet som allereie skjer lokalt og elles i landet. Gjennom forprosjektperiode har ein sett nærare på desse problemstillingane, og ein vil gjennom denne rapporten koma med framlegg om innhald, rolle og organisering av eit hovudprosjekt.

1.2 METODE OG FRAMGANGSMÅTE

I forprosjektperioden har ein med utgangspunkt i dei ovanfor nemnde problemstillingar, arbeidd med å få ei oversikt over kva som finn stad når det gjeld folkedans – både i Hordaland og elles i landet. Dette for å få kjennskap til den aktiviteten som allereie finnast; kva som allereie har vorte forsøkt i høve rekrutteringsarbeid og formidling av tradisjonsdansen, og kva for haldningar, tankar og erfaringar vesentlege ressurspersonar sit med.

Dei ein har vore i kontakt med for å samla erfaringar, tankar og utspel ifrå, har vore alt frå røynde dansarar; danseinstruktørar; organisasjonsarbeidarar; kulturskulerektorar; kulturskulelærarar; skulelærarar; leiarar og/ eller resurspersonar i lokale lag og organisasjonar, til kunstnarar og koreografar frå fylket og frå andre stader i landet.

I tillegg har ein freista å få eit grovt oversyn over kva som finnast av arkivmateriale frå Hordaland i dei ulike arkiva rundt om kring. Hordaland har fleire gode utøvarar på tradisjonsdans. I forprosjektet har ein forsøkt å kartlegga og ta kontakt med fleire av desse.

2. KVIFOR «FOLKEDANS I HORDALAND»?

Hordaland har eit mangfald av tradisjonelle dansar. Det er her mellom anna snakk om lokale variasjonar av springar og rull. Nokre av desse er ikkje like mykje brukt i dag, og nokre heilt ute av bruk. Det finnast ein del arkivmateriale med tradisjonsmusikk og -dans frå Hordaland. Det er fleire klipp av ulike dansar og dansarar frå tida mellom 1960 og heilt fram til nærliggande tid. Mesteparten av dette materialet fin ein i arkivet til Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff) i Trondheim. Her finnast det over 150 innsamlingar og rund 700 klipp ifrå Hordaland som inneheld mellom anna lydopptak av musikk og intervju med musikarar og dansarar. Omlag 200 av desse klippa inneheld materiale av typen film eller video av dans, i tillegg til mykje intervjumateriale som omhandlar dans. Ein kan freista å påstå at mange av innbyggjarane i fylket veit heller lite om kva for tradisjonsmateriale som finnast.

2.1 IMMATERIELL KULTURARV

Tradisjonsdans er kulturarv – immateriell kulturarv – og må sjåast som ei del av Hordaland si historie. Immateriell kulturarv kan vera ei kjelde til identitet – som nettopp har ei forankring i historia². Dansen har tradisjonelt sett vorte overført frå generasjon til generasjon gjennom handling og det ein kan kalla for taus³ og kroppsleg eller handlingsboren⁴ kunnskap. Til forskjell frå materiell kulturarv, som enklare lar seg vernast og formidlast gjennom utstilling som til dømes gjennom eit monter, lyt immateriell

² UNESCO om immateriell kulturarv: <http://unesco.no/kultur/immateriellkulturarv/>

³ Taus kunnskap: kunnskap som ikkje er gitt ein eksplisitt formulering.

⁴ Handlingsboren kunnskap: Norsk handverksinstitutt definerar omgrepet handlingsboren kunnskap som: «*summen av erfaring og kunnende som i form av hånslag, handlingsmønster og oppfatning går i arv fra en generasjon til en annen i et kunnskapsbærende handlingsfellesskap. Ved overføring av handlingsbøren kunnskap er den grunnleggende læreformen herming, kombinert med utprøving og personlig erfaring*».

kulturarv som dans og musisering formidlast, vidareførast og styrkast gjennom bruk.

UNESCO-konvensjonen⁵ av 2003 visar til immateriell kulturarv som både *handling* og *prosess*, då den også femnar om den bakanforliggende kunnskapen, i tillegg til sjølv uttrykket. Det handlar altså om kunnskap, framstilling, uttrykk og ferdigheiter som karakteriserast av at dei er levande, stadig skapast igjen i pakt med sitt miljø og si samtid; er meiningsfull og identitetsskapande for fellesskap og grupper; er del av ei berekraftig utvikling; ikkje bryt med anerkjente menneskerettar, og er anerkjent som kulturarv av dei som praktiserer han. Konvensjonen om vern og vidareføring av den immaterielle kulturarven vart vedtatt for å sikra den immaterielle rikdommen betre, og det norske samfunnet er såleis pålagt å forplikta til dette.

Dette leiar oss over til eit anna vesentleg poeng, som handlar om Hordaland sitt særlege ansvar for nettopp å ta dette mandatet på alvor og ivareta den tradisjonelle dansearven frå våre trakter.

2.1.1 HORDALAND SITT SÆRLEGE ANSVAR


Hordaland er den einaste staden i verda kor vi har våre typar av til dømes springar og rull. Desse dansane, dette materiale – denne kulturarven lyt vi ta vare på, dyrka, vidareutvikla og halda levande – og Hordaland lyt her ta eit særleg ansvar for dette. Som det også vart peika på over, lyt tradisjonsdansen sjåast som ein del av Hordaland si historie og sin identitet. Hordaland fylkeskommune har som offentleg instans eit pålagt ansvar for å fylgja opp på Noreg si ratifisering av UNESCO-konvensjonen.

Som det går fram av konvensjonen om immateriell kulturarv, må det sjåast naudsynt for synleggjering og vidareføring, at utøvarane i frå tradisjonen sjølv er involverte og deltar. Det er difor vesentleg å sjå på korleis ein kan samarbeida med, og samordna tiltak med miljøa sin allereie eksisterande aktivitet. Dette vil ein også kome attende til seinare i rapporten.

5 UNESCO – United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization, FN's organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon.

2.2 STODA TIL FOLKEDANSEN I HORDALAND I DAG

Det eksisterer ulike lag og aktører rundt omkring i Hordaland som driv med folke- musikk og folkedans. Det er ikkje like stor aktivitet over heile fylket, og nokre stadar er det lite eller ingen aktivitet i det heile innan folkedans. Kartet (figur 1) visar dei områda der det kan seiast å vera størst aktivitet (per vårsemesteret 2016). Det er lagt vekt på dei områda med aktivitet for *born og unge*. Til dømes er ikkje aktivitet som seniorringar tatt med her.



Figur 1, Kart over Hordaland

Dei ulike laga, organisasjonane og institusjonane i Hordaland som i større eller mindre grad er engasjert med folkedans og folkemusikk omfattar i tillegg til fylkeslag; lokale danseringar, spelemannslag og kulturskular, også grunnskular, vidaregåande skular og

institusjonar på høgare nivå. På nasjonalt nivå har ein også utdanningsinstitusjonar som Norges Musikkhøgskole, Vinstra vidaregåande, Høgskulen i Sørøst-Norge, NTNU i samarbeid med Norsk senter for Folkemusikk og folkedans, og Ole Bull Akademiet. Fleire hordalendingar⁶ har teke høgare utdanning ved ein eller fleire av desse institusjonane.

2.2.1 FYLKESLAGA - HORDALAND UNGDOMSLAG OG HORDALAND FOLKEMUSIKKLAG

I Hordaland finnast det i dag i mellom 20-30 meir eller mindre aktive lokallag som driv med folkedans og folkemusikk. Desse ligg under dei to ulike fylkeslaga Hordaland Ungdomslag og Hordaland Folkemusikklag, som vidare høyrer til inn under dei respektive nasjonale organisasjonane – Noregs Ungdomslag og FolkOrg. Område- og lokallaga spelar ei viktig rolle i det å ivareta og vidareføra folkemusikk og folkedans rundt omkring i lokalsamfunna i fylket vårt.

Når det gjeld lokallaga både under HU og HFL, varierer det kor aktive dei ulike lokallaga er. Nokre er særskild aktive, som til dømes Bergen UL Ervingen. Det kan vera ulike grunnar til at aktiviteten i dei lokale laga varierer. Ofte er det eldsjeler som arbeider svært mykje for å få til bestemte aktivitetar. Mangel på desse kan vera ei årsak. Andre årsaker kan vera kapasitet og/ eller inspirasjon til å få gjennomført dei ynskjelege aktivitetane. Tiltak som kan hjelpa og støtta opp under arbeidet i lokalmiljøa utført av nettopp lokale ressurspersonar eller -miljø, bør sjåast som vesentleg i ei satsing på tradisjonsdansen.

2.2.2 TRADISJONSDANS SOM EIN DEL AV KUNST- OG KULTUROPPPLÆRING I BARNEHAGAR OG SKULE

Det er temmeleg ulikt og tilfeldig kor mykje folkemusikk og folkedans born og unge i barnehagar og skular vert eksponert for. Fleire av dei ein har vore i kontakt med, både med bakgrunn i grunnskule eller kulturskule, peikar på nettopp dette. Kor mykje kompetanse og interesse det er for folkemusikk og folkedans i dei ulike barnehagane og skulane

⁶ Med hordalendingar meinast i denne samanheng både dei som kjem ifrå Hordaland, og dei ein kan omtala som tilflyttarar.

er ressursavhengig – det kjem an på om barnehagen eller skulen har personale med kompetanse i eller interesse for folkemusikk og folkedans. I skulen ser ein dette til tross for at folkedans og folkemusikk er nemnt i læreplanane.

Professor Anne Bamford (2012) har utført ei kartlegging av kunst- og kulturopplæringa i Noreg i 2010 og 2011, både innan skuleverket, kulturskulen og andre formelle opplæringstilbod for barn og unge. Dette for å få eit overblikk over dagens situasjon for opplæring innan kunst og kultur i Noreg i dag. Informasjonen vart innhenta for 4-5 år sidan, men er like aktuell i dag, då opplæringstilbodet er basert på same læreplan. Bamford-rapporten peiker på at dans er særskilt dårlig representert i skulen, fordi den er lagt innunder fag som musikk og kroppsøving. «Når det i tillegg heller ikke er noen som har direkte ansvar for dette området, er det lite sannsynlig at man vil få noen systematisk utvikling av dans som fag». Bamford (2011) fortel oss også at mange lærere i kunst- og kulturfag er allmennlærarar utan tilstrekkeleg kompetanse til dømes innan dans. Det er ofte meir populært for lærarar med kompetanse innan desse fagområda å søkje seg til kulturskulane eller vidaregåande opplæring med fokus på kunst og kulturfag. Lærarar i undersøkinga seier dei manglar ressursar til å drive ei tilfredsstillande kunst- og kulturopplæring i grunnskulen. Som ein også kan sjå ut ifrå rapporten til Bamford, blir dans prioritert svært forskjellig frå skule til skule. Dette peikar på at vi lyt ha ein stragetisk og ei systematisk opplæring når det gjeld dans generelt, og gjerne folkedans spesielt, då tradisjonsdansen kan sjåast å vera ein disiplin som verkar å vera forsømd mange stader. I tillegg må dansen sterkare inn i allmennutdanninga av lærarar. Bamford-rapporten framhevar vidare at lærarar meiner fokuset på PISA-resultata har hatt svært negativ innverknad på praksis i kunst- og kulturfaga, sjølv om høg kvalitet i kunst- og kulturopplæringa samsvarar med gode resultat i PISA-testane, då estetiske fag har ein positiv verknad på den meir teoretiske delen av opplæringa. Dagens læreplan sine få og heller udefinerte kompetansemål innan dans kan også vera ein av fleire årsakar til at elever får forskjellig dansepraksis i skulane.

Tidleg eksponering er viktig, og ein kan også sjå fleire fordelar med å nytta folkemusikk og -dans i barnehagen og skulen. Åse Løvset Glad (2012) peikar på at dans kan sjåast som ein reiskap som understrekar kulturell tilhøyrslø og hjelp kvar enkelt med å uttrykkje og forstå verkelegheita. Ho understrekar også at dans er ein viktig samværsform og ein helsefremmande og sosialisierende faktor.

2.2.3 KULTURSKULANE I HORDALAND

Hordaland har 33 kommunar⁷ som kvar har sine kulturskuletilbod. Når det gjeld folkedans i kulturskulane i Hordaland, er det svært få av skulane som har eit tilbod til sine elevar⁸. Nokre få av kulturskulane oppgjev at dei har tilbod om og/ eller lærarressurs på folkedans, men at det ikkje har vore stor interesse frå søkarar på denne aktiviteten. Ved andre kulturskular igjen, vert det oppgjeve at det finnast, eller har funnest noko interesse for eit slik tilbod, men skulen manglar lærarressurs. I omlag 22 av 33 kulturskular som har tilbod om dans, er det ingen (per vårsemesteret 2016) som har eit reint folkedanstilbod. Nokre kulturskular *har* hatt noko folkedans tidlegare. Mange av grunnane for at det ikkje finnast tilbod handlar om at det manglar kompetanse og lærarressursar på tradisjonsdans. Manglande økonomiske midlar for å kunna tilsetta ein folkedanslærer og/ eller organisatoriske rammer kan ofte sjåast å vera ei barriere for eit slikt tilbod.

3. EIT BEHOV FOR EI SATSING?

Utgreiinga og poenga i avsnitta over, bør sjåast som gode argument for at det er eit behov for å satsa på tradisjonsdansen i fylket. Dei visar òg at der finnast moglegheiter for at ei slik satsing kan bli vellukka då vi har fleire gode aktørar gjennom ulike ressurspersonar og -miljø, som sit på større mengder kompetanse og ulike erfaringar når det gjeld tradisjonsdansen. Ei utveksling av kompetanse og erfaringar gjennom til dømes tilpassa møteplassar for utveksling og samordning, kan sjåast som vesentleg for å få forløyst det potensialet som finnast blant dei ulike aktørane. Det er god aktivitet somme plassar i fylket, men andre stader finn ein kvite flekkar på kartet som vitnar om lite eller ingen aktivitet. Kort summert bør det, i samband med ei satsing på hardingfeletradisjonen som heilskap, også leggst til rette for eit prosjekt som kan styrka og bygga opp tradisjonsdansen i Hordaland. Det må difor sjåast eit behov for ei større satsing gjennom eit hovudprosjekt.

7 Per 10.juni 2016

8 Basert på informasjon frå kulturskulane, innsamla i februar/ mars 2016.

4. FORMÅLET MED EI HOVUDPROSJEKT

Formålet med hovudprosjektet er å leggja til rette for gode vekstvilkår for tradisjonsdansen i Hordaland. I tillegg ynskjer ein å auka interessa for tradisjonsdans. Dette kan gjerast gjennom å gje miljøa gode vekstvilkår, og gjennom å auka forståinga for tradisjonsdansen. For å få dette til, ser ein det naudsynt å setta i verk ein del tiltak gjennom ein bestemt prosjektperiode. Eit treårig prosjekt som «Folkedans i Hordaland» vil vera med å bidra til eit slikt løft.

5. SAMARBEID OG SAMORDNING

Aktørar fleire stadar verkar i liten grad ha informasjon om andre aktørar sine planar og idear framover. Dette gjeld både informasjonsutveksling folkemusikk- og folkedansaktørar imellom, og mellom desse og andre idretts- og kulturaktørar. Ei tidleg utveksling av planar, slik at ein i større grad kan inkorporere og sjå planane til dei ulike aktørane i høve til kvarandre, vil vera formålstenleg. Fleire partar vil då kunna få betre utteljing på sine arrangement, i tillegg til at publikum også vil kunna få mogleg for eit betre og utvida tilbod. Ein betre kommunikasjonsflyt, og planlegging med utgangspunkt i denne, kan vera med på å bygga opp om dei ulike aktørane sine tiltak og aktivitet, og slik bidra til at ein heilskapleg kan få meir ut av dei tiltaka og aktivitetane som vert sett i gang.

Sett ut ifrå stoda til folkedansen i fylket i dag bør ein samarbeida med dei aktørane på feltet som allereie driv gode tiltak. Slik kan ein bygga opp om, og løfta fram det gode arbeidet desse aktørane driv. Å visa til dei gode døma kan ha positiv innverknad på motivasjon og engasjement blant dei som i dag driv aktivitet knytt til tradisjonsdans. Det er viktig å skapa ein god dialog, og ha ein god kommunikasjonsflyt med desse ressurspersonane og -miljøa, og vidare oppretthalda eit tett samarbeid. Det er desse som verkeleg kan få tiltaka til å til gro opp og kome ut i full blomst. Det er lokalmiljøa som er tett på innbyggerane, i deira kvardag, der dei bur.

Fylgjande skal vi sjå nærare på nokre av dei gode døma på samarbeid ein fann i forprosjektperioden. Desse kan ein ta utgangspunkt i og bygga vidare på i den vidare satsinga på tradisjonsdansen i fylket.

5.1 DØME PÅ GODE SAMARBEID

Fleire stader i fylket er det godt samarbeid mellom til dømes det lokale spelemannslaget og kulturskulen. Kulturskulen har gjeve elevar på hardingfele individuell oppfølging, og gjeve større moglegheit for ei meir individuelt tilpassa opplæring – både når det gjeld teknikk, repertoar og formidling. Spelemannslaget har fylgt opp med det sosiale, og sytt for at kulturskuleelevar har fått innpass til folkemusikkmiljøet, og samspel med andre hardingfelespelarar og nokon stader også dansarar, i eit større lag – altså då utover eventuelle mindre samspelsgrupper ein kan ha i kulturskulereggi.

På Voss har Voss spelemannslag og Voss ungdomslag hatt eit samarbeid om å arrangera gamaldans i Ungdomshallen (ungdomshuset på Vangen), annankvar veke. Voss spelemannslag har også oppretta «Juniorklubb» som er eit tilbod for dei medlemmane som er noko yngre. Her spelar, syng og dansar dei, og dei et kvelds ilag. Det er også oppretta kontakt og samarbeid med miljøet i Hallingdal, og i september skal born og unge frå Voss spelemannslag besøka denne gjengen for å dansa og spela ilag med dei.

Hardanger spelemannslag i samarbeid med Voss spelemannslag og Hardingfela.no skipa i mai år til ei kveldssamling for born og unge som spelar eller syng i Hardanger og Voss. Samlinga gjekk føre seg i ungdomshuset Trudvang, i Granvin. Her møtte det opp om lag 60 born og unge med foreldre. Fleire av spele- eller songlærarane til borna var også med. Samlinga starta med ei lita danseøkt der alle var med og prøvde ut dans til både ril-, springar- og reinlendermusikk, før kvelden fortsette med ei økt der elevane spela og song for kvarandre – enten i grupper eller aleine ein og ein. Det heile føregjekk i ein uformell setting der alle sat på stolar plassert i ein stor ring. Det var også lagt inn pause med uformelt sosialt samvær der borna og ungdommane hadde høve til å prata saman og verta litt betre kjende med kvarandre. I pausen vart det også servert enkel mat.

I Bergen har instruktørar frå Bergen UL Ervingen instruert 10 andreklassingar på Krohnengen skule i SFO-tida. Dette kom i stand etter at ei engasjert mor tok kontakt med laget med ynskje om at borna skulle få eit folkedans- og folkemusikk-tilbod i SFO-tida. Ungane i denne gruppa har gitt seg sjølv namnet Dragegjengen. Dragegjengen har hatt samlingar og spelt ilag med born og unge i Bergen juniorspelemannslag.

I Skare har det sidan 2008 eksistert eit samarbeid mellom Skare skule og det lokale ungdomslaget. Her har instruktør ifrå ungdomslaget instruert i dans for 1-7-klassingar ved skulen i skuletida. Dette samarbeidet har resultert i ein heil skokk med born og unge som har fått møta og nytta tradisjonsdansen. Kvart år har dei framsyning på 17.mai.



Glade dansarar under kveldssamling for born og unge i Granvin. Foto: Rannveig Djonne.

Det er også ein del samarbeid mellom dei ulike kulturskulane rundt omkring i Hordaland. Dette er enten samarbeid om lærarressursar, tilbod og/ eller prosjekt. Desse alle-reie eksisterande samarbeida lyt ein ta omsyn til, og nytta seg av i eit vidare samarbeid med også fleire kulturskular.

Rapporten «Folkedans i kulturskulen» (Folkedal, 2012) tek for seg erfaringar og utfordringar knytt til eit pilotprosjekt med folkedans i kulturskulen i Levanger kommune. Folkedal (2012) visar til at mange lokale lag under Noregs Ungdomslag (NU) har utfordringar med å utøva og vidareformidla lokal, tradisjonell dans, sjølv om NU sentralt arbeidar med utviklingsarbeid innan denne sjangeren. Pilotprosjektet i Levanger gjekk ut på eit samarbeid mellom kulturskulen og det lokale ungdomslaget. Folkedanspedagogen var engasjert gjennom kulturskulen, og kulturskulen fakturerte ungdomslaget for sal av tenester, medan laget fakturerte elevane. Skilnaden frå andre avtalar i kulturskulen der ein sel tenester, var at elevane både fekk status som medlemmer i ungdomslaget og elevstatus i kulturskulen (Folkedal, 2012). Rapporten peikar på at det kan vera ei utfordring å finna kvalifiserte folkedanspedagogar, og å kunne tilby desse ei større stilling. På trass av rekrutteringsrundar i skulande der elevane hadde det kjekt, var det også utfordrande å få søkjarar til tilbodet i kulturskulen med øving ein gong i veka.

6. TILTAK I EIT HOVUDPROSJEKT

Det er viktig å presisera at tiltaka presentert i rapporten *kun* er framlegg, og at ein lyt

sjå nærare på dei i samråd med dei aktuelle samarbeidspartnarane⁹ for å danna ei felles forståing for kva dei ulike tiltaka inneber. I tillegg er dette viktig for å betre kunne spesifisera kva dei ulike aktørane kan bidra med inn i ei samarbeid.

- Møteplassar og formidling
 - ◇ Møteplassar for musikarar og dansarar
 - ◇ Møteplassar for born og unge
 - ~ Samlingar for born og unge som allereie spelar, syng og dansar folkedans.
 - ◇ Kurs for born og unge
 - ◇ «Bornas Folkefest»
 - ◇ Den kulturelle skulesekken (DKS)
- Fysiske arenaer.
- Utvikling og kompetanseheving
 - ◇ Workshops for tradisjonsdansarar.
 - ◇ Instruktørseminar for dansarar.
 - ◇ Tilbod for barnehage- og skulelærar
 - ◇ Tilbod for dei mest røynde folkedansarane i Hordaland.
 - ◇ Folkedanslab – etter ein modell ifrå Riks-scenen/Oslo.
 - ◇ Meisterlære
 - ◇ Legga til rette for ei danning av ei gruppe med dei mest røynde folkedansarane i Hordaland.
- Formidling og rekruttering
 - ◇ Rekruttering (frå ulike meir eller mindre tradisjonelle og utradisjonelle arenaer)
 - ~ Leik og dans i barnehagen
 - ~ i grunnskulen og vidaregåande skule
 - ~ i frå fritidsaktivitetar (døme: fotballag, kor, korps og speidarlag)
- Møteplassar og forum for gode idear og aktivitetar
 - ◇ Ein delingsportal for gode idear, erfaringar, aktivitet og informasjon.
- Arbeid med arkivmateriale frå Hordaland
- «Bygda dansar» til Hordaland
- Tradisjonsdansen på scena
- Tradisjonsdansen ut i verda til eit brett publikum

9 I oversiktstabellen over dei ulike periodane i prosjektet, er det lagt inn framlegg til kven som har ansvar for og/ eller samarbeider om dei ulike tiltaka.

6.1 MØTEPLASSAR OG FORMIDLING

Det å formidla noko handlar mellom anna om å *føre over* noko, enten det er frå utøvar til publikum, eller mellom utøvarar eller deltakarar, som til dømes frå musikk til dans. Det handlar om overføring og deling – om det å gje noko som gjev noko tilbake. For tiltaka som går på å skapa arenaer og møteplassar ein difor sjå desse i brei forstand, slik at til dømes ein møteplass også kan sjåast å omfatta formidling av musikk og dans til andre, i tillegg til eige møte med, og deltaking i dansen – både som musikkarar og dansarar. Formidling av, og opplevingar med, folkedans og folkemusikk – og møteplassar som legg til rette for dette, er i høgste grad også vesentleg for tiltak som gjeld rekruttering.

For tradisjonsdansen i Hordaland bør ein etablere fleire møteplassar og arenaer der bland anna folkedansarar i ulike aldrar og på ulikt nivå kan møtast med kvarandre og musikkarane, i tillegg til faste øvingsdagar. Dømer på slike møtestader for born og unge, som eksisterer og verkar å vera gode tiltak, er vist til over¹⁰.

6.1.1 SPEL OG SONG TIL DANS, OG DANS TIL SPEL OG SONG

Felespelarar og dansarar møtes til kommunikasjon, dialog og utvikling av spel og dans gjennom å nettopp møtast i spel til dans og dans til spel. For å bli ein god dansespelemann kan ein arbeida med spelet sitt og få hjelp til, rettleiing og råd om korleis ein kan nytta visse teknikkar for å betre få fram den rytmen og det drivet i spelet som skal til for at det vert god musikk å dansa til. Ein lyt sjølvstøtt også få praktisk trening i, testa ut og få tilbakemeldingar på spelet sitt gjennom å spela til dans. Til dette lyt ein difor ha tilgang på dansarar, og helst også gode dansarar. Med gode dansarar meinast her dansarar som evnar å lytta til og respondera på musikken som vert spelt. Dansarar og spelemenn gjev kvarandre tilbakemelding og respons gjennom spelet og dansen. Om spelemannen får spela til slike gode dansarar vil han kunne få tilbakemelding på spelet sitt gjennom dansen. Dette er eit verdifullt samspel, og ei viktig form for tilbakemelding, for både dansarar og spelemenn. Det er difor viktig å sørge for at det finnast slike arenaer for møte mellom dans og spel. Dette kan til dømes vera meir uformelle dansefestar «på lokalet» og det kan vera i ein meir «ordna» og konkret setting som seminar eller 'workshops'. Eit mål for «Folkedans i Hordaland» kan difor vera å sørge for å leggja til

10 Under «Døme på gode samarbeid».

rette for minst 1 dansefest i halvåret. Grunnen til at ein ikkje tek meir i, er fordi ein kan sjå det som lite formålstenleg å arrangera feire slike i regi av/i samarbeid med prosjektet når ein ser at det allereie i dag eksisterer nokre slike tilstellingar på ulike lokale stader. Det vil vera øydeleggjande for allereie eksisterande arrangement å pressa endå fleire liknande arrangement inn i eit allereie tett semester. Då bør det heller vera eit mål å ha god informasjonsflyt og ein god dialog med lag og organisasjonar som arrangerer dei ulike arrangementa, slik at ein unngår at arrangement kolliderer. Minst *eitt* større fylkesomfattande arrangement i samarbeid med Hardingfela.no der musikken og dansen kan møtast bør likevel vera eit minimum. Her kan ein også sjå for seg at ein skal invitera inn aktørar i folkemusikk- og dansemiljøet frå andre kantar i landet også. Forslag til kvar eit slikt arrangement kan finna stad bør drøftast saman med aktuelle aktørar.

6.1.2 MØTEPLASSAR FOR BORN OG UNGE

Her har ein som vist til over gode eksempel på tiltak som verkar å fungera godt. Det er viktig å fortsetta å bygga opp om slike tiltak initiert av, eller skipa til i samarbeid med dei lokale laga og eventuelle andre aktørar. I tillegg er det naudsynt å sjå på fleire ulike typar av tiltak som kan bidra til at fleire born og unge får oppleva tradisjonsdansen og -musikken.

6.1.3 Å TIDLEG FÅ MØTA MUSIKKEN OG DANSEN

Som det også vart poengtert under avsnittet som omhandlar kunst- og kulturopplæring i barnehagar og skular, er det viktig med tidlig eksponering for folkemusikk og folkedans. Det bør i større grad fokuserast på formidling av og deltaking i musikken og dansen allereie ifrå barnehagealder og opp gjennom skulen. Då det er varierende i kor stor grad born og unge får oppleva tradisjonsdansen og tradisjonsmusikken, og at dette kan skuldast manglande kompetanse og interesse, bør ein setta i verk tiltak for å synleggjera for pedagogar i barnehage og skule, korleis ein kan nytta folkedans, -song og -musikk i barnehagen og skulen.

6.1.4 KURS FOR BORN OG UNGE

Kurs som møteplass mellom musikk og dans for born og unge. Eit tiltak som allereie er planlagt er kurs for born og unge i samarbeid med Osafestivalen i oktober. Osafestivalen har dei siste åra hatt dansekurs for born og unge under festivalen. Satsinga heiter UngOsa. Osafestivalen og Hardingfela.no ynsker frå og med Osafestivalen 2016 å auke satsinga på kurs for born og unge monaleg, der kursdeltakarane vert ein naturleg del av festivalen både som publikummarar, deltakarar på dans og artistar. Det overordna målet og bakgrunnen for den auka satsinga er å etablere UngOsa som ein viktig opplærings- og formidlingsarena for unge utøvarar i regionen. På den måten vil UngOsa fungere som eit viktig supplement til den faste opplæringa og formidlingsverksemda som skjer i kulturskular og i spelemannslag gjennom året.

Under kursdagane på UngOsa i haust vert tema å spela og synga for dans, og å dansa til spel og song. Dei fleste unge utøvarane i dag får lita trening i å spela/syngja til dans og å dansa sjølve, og ein ynskjer at UngOsa skal vera ein dørøpnar for dette. Deltakarane vert òg inviterte med på dansen under Osafestivalen laurdags kvelden.

6.1.5 «BORNAS FOLKEFEST»

Ein folkedans- og folkemusikkfestival for born og unge. Ein møteplass der hovudmålgruppa er born og unge. Her kan dei få møta og oppleva folkemusikken og dansen saman med andre enten om dei er vidarekomne eller nybyrjarar. Det bør også vera nokre tilbod for «foreldregenerasjonen» og andre grupper. Ein bør sjå på moglegheitene for å samarbeida om dette tiltaket saman med også andre kulturaktørar, i tillegg til aktørar innan folkedans- og folkemusikk. Tanken er at ein slik arena også kan gjera tradisjonsdansen- og musikken meir tilgjengeleg for dei som ikkje aktivt oppsøker den.

6.1.6 DEN LOKALE KULTURELLE SKULESEKKEN

Mange gode tilbod til born og unge har vorte formidla gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). Gjennom nokre av DKS-turneane vert born og unge kjent med folkedans og folkemusikk. Dette er gode tiltak, som fleire av dei ein har prata med i frå skulever-

ket, har sett stor pris på. Ein bør sjå DKS-aktivitetar inn som ein del av ein heilskap av aktivitetar når det gjeld folkemusikk og folkedans. DKS, og kanskje spesielt den lokale, bør sjåast som ein verdifull og viktig formidlingsarena for – og møteplass mellom, musikk og dans for born og unge. Hardangerkommunane er i samarbeid om eit lokalt DKS-prosjekt med tradisjonsdans. Dette er det naturleg å stø opp om, og ein bør bygga aktivitetar i miljøa der dette prosjektet skal gjennomførast.

6.2 FYSISKE ARENAER FOR MØTEPLASSAR OG FORMIDLING

Når ein skal møta og oppleva musikk og dans er ein også avhengig av å ha passande fysiske arenaer. Det må vera passande rom, med nok plass, innanfor rekkevidde både når det gjeld avstand og pris. Det er fleire eigenskapar med ein fysisk arena som er vesentlege når det gjeld musikk og dans. For dansarar er kanskje dansegolvet ein av dei viktigaste eigenskapane ved ein fysisk arena. Kva for dansegolv, scene og moglegheiter for kvar publikum kan plasserast, og korleis dei slik får oppleva dansen, vert også viktig når det er snakk om formidling og sceniske produksjonar.

6.2.1 «Huset i bygda»

Husa i bygdene og byane, eigd av grendelag/ bygdelag eller ungdomslag, er viktige møtestader i lokalmiljøa. Mange stader er det mykje aktivitet – andre mindre. Grend- og ungdomshusa har tidlegare vore, og er somme stader framleis, ein møtestad for lokalbefolkninga og ein viktig arena for dans. Desse husa er ein av fleire ulike moglegheiter å sjå på når det kjem til fysiske arenaer der ein kan treffa dans og musikk ute i lokalmiljøa.

Hordaland ungdomslag har eit prosjekt kalla «Huset i bygda». Dette prosjektet er oppretta for å løfte fram og synleggjera desse husa som viktige kulturarenaer, i tillegg til å utvikle møtestadar og verktøy som kan hjelpa dei lokale laga i si rolle som huseigarar (husetibygda.no, 2015). Det er oppretta dialog med prosjektleiar i dette prosjektet, Hanna Kvalheim Hekkelstrand, omkring korleis ein kan dra nytte av kvarandre sine erfaringar og informasjon mellom anna om kva for aktivitetar dei ulike lokale huseigarane driv med, og kontaktinformasjon. Dette kan vera ein vesentleg dialog i det vidare arbeidet med hovudprosjektet for «Folkedans i Hordaland».

6.2.2 OLE BULL AKADEMIET

Ole Bull Akademiets har tung kompetanse på norsk tradisjonsmusikk- og dans og har drive med opplæring og undervising innan dette feltet i ei årrekke. Dette blant anna gjennom kurs for høgskular og universitet over ei veke, og bachelor- og masterprogram for lovande folkemusikarar på spel og song. Fleire av arrangementa ved den årlege Osa-festivalen finn stad på Ole Bull Akademiets. Med både kompetansen, lokala og plasseringa – både fysisk, og som ein kulturaktør og ein av eigarane av Hardingfela.no – bør det sjåast som gunstig for ei satsing på tradisjonsdansen i Hordaland at ein har ein slik aktør med på laget. Ole Bull Akademiets driv sin aktivitet ved Kringsjø AS. Lokalitetane her er eigna til å halda kurs og konsertar, og det er også moglegheiter for overnatting.

6.2.3 MUSEA

Musea som ein møtestad og viktig samfunnsaktør bør i høgaste grad inkluderast i ei vurdering av arenaer der dans kan utfolda seg. Med Hardanger og Voss museum i spissen, kan og bør musea i Hordaland også nyttast som arena og møtestad for formidling av og rekruttering til tradisjonsdansen. Dette kan skje gjennom framsyningar der publikum også kan få lov til å møte dansen gjennom deltaking. Ei slik tilnærming vil vera med å syna dansen, musikken, og også museet si rolle – kanskje på ein litt annan måte enn det dei fleste gjerne er vande med, eller ventar seg. Her er det mange fordelar å hauste, både for musikken og dansen, og også for musea og deira publikum.

Det er gjort eit spanande arbeid i Trondheim der Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff), og Museene i Sør-Trøndelag (MiST) ved Ringve Musikkmuseum, Sverresborg Trøndelag Folkemuseum og Rockheim – Det nasjonale museet for populærmusikk, har gått saman om å utvikle tre nyskapande interaktive danseutstillingar. Ei interaktiv danseformidling er eit utviklingsprosjekt i museumsformidling av dans og dansetradisjonar. Prosjektet er også i tråd med UNESCO-konvensjonen av 2003 om synliggjøring av og dialog rundt levande tradisjonar – den immaterielle kulturarven. Konseptet for prosjektet «Museene danser» har utgangspunkt i kurator Tone Erlien si masteroppgåve «A dance museum» (2014). Erlien har blant anna undersøkt formidlingsmetodar for dans på 10 ulike museum i Europa, og sett nærare på korleis deltagande prinsipp i ny museologi kan bygga opp under formidling av de i sosiale og estetiske kvalitetane i tradisjonsdans på norske museum.

«Å sette dans inn i en museums kontekst åpner for nye skjæringspunkter mellom danseopplevelse og det å formidle danseshistorie. Både overføring av kroppslig kunnskap og historiske kontekster kan være resultatmål i slik formidling».

(Erlie, 2015)

Når det gjeld rekruttering er det vesentleg å vera synleg og nå ut til nye grupper. Musea kan vera ein arena der ein kan nå ut til nye grupper som gjerne ikkje nødvendigvis får møta tradisjonsdansen- og musikken andre stader. Særs viktig vil nok musea også vera når det gjeld å nå ut til turistar, og slik visa og dela musikken og dansen i frå Hordland med både eit nasjonalt og internasjonalt publikum.

Erlie (2014; 2015) visar til ny museologi og teoriar frå museumsfaget som fremmar nye formidlingsmetodar og eit fokus på deltaking, dialog og inkludering, og at dans presentert på ei scene ikkje når opp til desse metodane når det gjeld måtar å engasjera publikum på.

Det bør på bakgrunn av dette utforskast og sjåast nøyare på kva for moglegheiter ein har i Hordaland når det gjeld å trekka det levande museet inn i ulike tiltak som kan inngå i hovudprosjektet.

6.3 UTVIKLING OG KOMPETANSEHEVING

For at gode dansarar og instruktørar innan tradisjonsdansfeltet skal kunna ha moglegheit for å utvikla seg og få eit kompetanseløft er det viktig at det finnst gode tilbod for dette. Her kan ein sjå instruktørseminar, 'workshops' og andre liknande tiltak som vesentlege for denne målgruppa med tanke på utvikling, erfaringsdeling, inspirasjon og motivasjon. Det er viktig at dei framlagde tiltaka tilpassast allereie eksisterande tiltak, som til dømes Noregs ungdomslag (NU) sine modular og tilbod på instruktørutvikling.

6.3.1 INSTRUKTØRSEMINAR

Den 19.-20. februar vart det halde instruktørseminar for kulturskulelærarar og instruktørar innan folkemusikk og folkedans, i regi av Hardingfela.no. 15 deltakarar fekk

foredrag av og ta del i 'workshops' med framifrå pedagogar og folkemusikk- og folkedansentusiastar. Her fekk ein også ta del i spennande diskusjonar, henta idear og dela erfaringar med dei andre deltakarane. Slike instruktørseminar bør ein fortsetta med, og vidareutvikla.

6.3.2 TILBOD FOR BARNEHAGE- OG SKULELÆRARAR

Det bør settast i verk tiltak for å auka kompetanse og interesse for barnehage- og skulelærarar når det gjeld tradisjonsdans og -musikk. Det bør opprettast kontakt og dialog med interesserte barnehagar og skular, og lagast opplegg som desse kan delta på – skreddarsydd etter deira behov. Ole Bull Akademiet har lang og god erfaring med kurs. Ein bør også sjå på moglegheitene med å tilby opplegg på deira eigen arbeidsstad – til dømes under personal- og planleggingsdagar. Skulane har fem planleggingsdagar når elevane har fri. Nokre timar av desse kunne vorte brukt til dans, og læra bort folkedansmetodikk til lærarane. I tillegg til opplegg for lærarane i korleis ein kan læra bort - og bruka tradisjonsdans i barnehagen og skulen, bør ein også ta omsyn til om det er behov for å gå direkte inn å bidra med formidling og undervising. Somme stader vil det vera naudsynt med begge delar.

6.3.3 'WORKSHOPS' FOR TRADISJONSDANSARAR I HORDALAND

Å ha 'workshops' spesielt retta for tradisjonsdansarar som har dansa ei stund, kan vera eit godt tiltak som kan bidra til desse dansarane si vidare utvikling. Der kan det skapast rom for å utfordra og reflektera, over sin eigen dansekropp og -teknikk. Slike verkstader er tenkt å komma i tillegg til instruktørseminara. Dette fordi eit instruktørseminar ikkje nødvendigvis treff alle som dansar folkedans, og for at røynde folkedansarar som ikkje nødvendigvis vil instruera, også skal ha eit forum kor dei kan utvikla seg og treffa andre gode dansarar for refleksjon, utveksling, øving og utprøving av til dømes teknikk og uttrykk.

Det er tenkt at desse verkstadene i hovudsak skal vera for å gje røynde folkedansarar i *Hordaland* eit løft, men det er også eit poeng at ein skal få inn impulsar og erfaringar frå andre kantar av landet, og det er difor viktig at verkstadene er opne for gode dansarar frå heile landet.

6.3.4 FOLKEDANSLAB I OSLO

Ved Riksscenen i Oslo har dei hatt eit konsept kalla for «Folkedanslab». Målgruppa for desse arrangementa er dei som har godt med folkedanskompetanse og som ynskjer å arbeida scenisk i ulike samanhengar. På tiltaket sine arrangementsider på Facebook står fylgjande skildring:

«Folkedanslab er ein ny arena der vi utforskar folkedanskroppslege uttrykk i ein scenisk samanheng. Folkedanslaben skal vera ein møteplass der vi kan utveksla idéar, visa fram noko som er i prosess eller få ny inspirasjon! Her kan du få gode innspel til korleis du kan arbeida med koreografi eller laga nye konstallasjonar saman med dansarar du identifiserer deg med»¹¹.

Konseptet er relativt nytt og stadig under utvikling. Panta Rei danseteater; Ingeleiv Berstad; Inga Myhr og Indra Lorentzen er blant dei som til no har vore invitert til å dela av sine erfaringar mellom anna når det gjeld samarbeid og sceniske danseproduksjonar. Initiativtakaren til tiltaket er hordalendingen Halldis Folkedal. Å nytta seg av dette tilbodet og i tillegg få til liknande tiltak for dansarar her i Hordaland kan vera eit godt tiltak for å utvida horisonten og få testa ut ulike uttrykk, koreografi, og møta dansarar frå andre genre. For folkedansarar som vil arbeida med dansen i ein scenisk samanheng kan eit slikt tiltak vera nyttig.

6.3.5 MEISTERLÆRE

Master Class Hardanger (MCH)¹² for dei over 16 år som spelar hardingfele, er dette året inne i sin fjerde sesong. Det er både eit nasjonalt og internasjonalt program. Dei som har blitt tatt opp i programmet har fått moglegheit til å fordjupa seg meir i spelet og tradisjonen. Dette året har ein utvida, og oppretta eit program for dei under 16 år, MCH – Ung. Som følgje av ei satsing på tradisjonsdansen er det naturleg å sjå på moglegheitene for å oppretta eit program for dans. Hardingfela.no har gjennom arbeid med dei andre meisterklassane, kompetanse og erfaring med organisering og gjennomføring av eit slikt tiltak. Ein bør også sjå på erfaringar andre har gjort seg når det kjem til lik-

11 Om Folkedanslaben henta ifrå Facebook-sida for eit av Folkedanslaben sine arrangement.

12 For meir info om Master Class Hardanger, sjå: <http://www.hardingfela.no/fjerde-aaret-med-master-class-hardanger>

nande tiltak. Til dømes gjennomførte NU nyleg eit prosjekt der ein hadde meisterlære som utgangspunkt. Dette opplegget var for kommande instruktørar. Hordalendingane Maria Skjeldrum Toppe og Silja Solvang vart vald ut blant fleire søkarar til å vera med på dette prosjektet, der dei over ein tidsperiode fylgde instruktør Vegard Vårdal. Det vil vidare også vera naturleg å sjå på korleis MCH-Dans og NU sine tiltak og aktivitetar, kan bygga opp under kvarandre.

6.3.6 EI GRUPPE AV OG FOR RØYNDE DANSARAR

Det kan vera formålstenleg å legge til rette for at det kan dannast ei gruppe av dei mest røynde dansarane i fylket. I ei slik gruppe vil dei kunne vidare få utvikla seg som tradisjonsdansar, utforska ulike aspekt ved tradisjonen, og arbeida med verkemiddel og uttrykk når det gjeld bruk av tradisjonsdans i ein scenisk samanheng. Her kan også arkivmateriale nyttast i større grad. For ei slik gruppe bør ein stilla til rådighet pedagogar, instruktørar og koreografar med bakgrunn i og kjennskap til norsk folkedans, men det er også eit poeng å utforska likskapar og forskjellar til andre danseformar og tradisjonar. Dette kan være særst nyttig for å kome fram til, gjennom å sjå, prøve ut og slik kjenne på, det som utmerker seg som særskilt for folkedanstradisjonen, og kva som faktisk slektar på kvarandre eller kanskje er ganske make. Røynde folkedansarar vi såleis få mogleg for utfordringar, utvikling og bevisstgjerings til dømes rundt særtrekk ved eigen tradisjon, dansekropp, teknikk og uttrykk.

Ei slik gruppe kan tena både som møtestad for dei gode dansarane som har dansa lenge og treng å vidare utfordra dansen sin, og som ei gruppe ein kan dra nytte av i formidlingssamanheng. Desse dansarane vil vera kvalifiserte til å kunna formidla tradisjonsdansen på ein god scenisk og nyskapande, måte.

6.4 REKRUTTERING

Vi har allereie vore noko inne på rekruttering i samband med møteplassar og formidling. Det er likevel interessant å sjå noko djupare inn på ulike aspekt knytt til rekruttering – og formidling med tanke på dette. Som fleire av dei ein har snakka med i forprosjektperioden, og som også rapporten til pilotprosjektet i Levanger (Folkedal, 2012) peikar på, kan det vera utfordrande å rekruttera, – til og med om ein har rekrutte-

ringsrundar i skulen, der ein gjerne når flest born og unge. I prosjektet «Bygda dansar», som vi skal komma attende til noko lengre ut i rapporten, har ein hatt mange rekrutteringsrundar i den vidaregåande skulen. Her har det også ofte vore tungt å få rekruttert mange på fyrste runde. Kjelder med erfaring frå rekruttering i ungdoms- og vidaregåande skule, oppgjer at det ofte kan vera enklare om det er ein liten vennegjeng eller ei gruppe, som kjenner kvarandre frå før, som blir med. Vidare kan det vera utfordrande å halde på ungdommar. Dei som har erfaring frå arbeid med denne aldersgruppa peikar på at det trass i at dei er vanskelege å få tak i, er det denne aldersgruppa ein gjerne kan få til mest med. Om ein får dei med og klarar å engasjere dei såpass lenge at dei vert «bitt av basillen», har desse i denne aldersgruppa stort potensiale for å utvikla seg mykje.

Hovudmålgruppa for rekrutteringa i satsinga er born og unge, men ein lyt også ta omsyn til andre målgrupper, som til dømes det ein kan kalla foreldregenerasjonen. Det er fleire grunnar til at det kan ha gode verknader å også jobba for å formidle til, og rekruttere i frå denne gruppa. Eit hovudargument er at ein gjerne betre lyt synleggjera tradisjonsdansen for å få foreldra meir engasjerte. Spesielt gjeld dette for dei yngste borna.

I tillegg til å forsøka gjera noko for å få foreldra meir engasjerte, lyt ein tenkja nytt omkring rekruttering. Ein kan til dømes oppretta kontakt med fotballag, kor, korps og skigrupper. Ein kan gje desse gruppene moglegheit for å oppleve tradisjonsdansen på fotballtrening, korøving, skitrening eller under spele-/ synge-/ danseøving i kulturskulen. Når det gjeld sportsutøvarar er det til dømes fleire kroppslege ferdigheiter ein kan tileigne seg gjennom dansen, og vice versa. Ein av Noregs beste snowboardkøyrarar er også ein svært god folkedansar.

Når det er snakk om rekruttering må det som formidlast fenga og verka interessant. Det same gjeld personen som formidlar. Dette er nok viktig innan rekruttering på alle arenaer, men kanskje spesielt viktig om ein vel å bevega seg inn i ein annan setting, som til dømes rekruttering på fotballtrening. Her bør ein i så fall ha ein godt opplagt plan, og den som skal formidla dansen lyt gjerne tilpassa seg settinga.

6.5 MØTEPLOSS FOR GODE IDEAR, AKTIVITETAR OG ERFARINGAR

Ein delingsportal for idear, erfaringar, aktivitet og informasjon

Eit av spørsmåla ein mellom anna har stilt seg under forprosjektperioden er korleis ein kan oppnå ein betre kommunikasjonsflyt og dialog mellom dei ulike aktørane som allereie held på med folkemusikk og -dans spesielt, men også med andre aktørar, interessantar og potensielle deltakarar, generelt.

Som ein var inne på i avsnittet som omhandla samarbeid og samordning, verkar det ikkje å vera noko bestemt forum eller nokon spesifikk møtestad for til dømes erfarings- og informasjonsutveksling, og at slik deling difor skjer heller meir tilfeldig. Som det tidlegare også vart peika på, sjåast det som vesentleg å oppretta, og kontinuerleg oppdatera, mellom anna kontaktlister for vesentlege aktørar. Det handlar også i denne samanheng om å ha gode moglegheiter og rutinar for å informera, kommunisera og gjerne ha ein endå betre dialog enn det ein i dag har. «Nyhetsbrev» er eit døme på ein type kanal ein kan ta i bruk, men også meir interaktive digitale kanalar, i tillegg til faktiske fysiske møter og samlingar lyt takast i bruk, dersom ein ynskjer ein breiare og betre dialog og utveksling av kompetanse.

Ei minimumsfordring for ein betre informasjons- og kommunikasjonsflyt i ei travel, digital verd som i dag, bør vera ein felles stad der ein til dømes kan søka informasjon om ulike aktivitetar og aktuelle aktørar på tradisjonsdans. Informasjonen bør vere lett tilgjengeleg, oversikteleg og oppdatert. Ein slik portal kan til dømes finnast under Hardingfela.no sine nettsider.

Betra hjelpemiddel eller verktøy for deling, og ein god dialog med vesentlege aktørar og ressursmiljø og -personar kan også hjelpa i arbeidet med å finna passande instruktørar og dansarar til ulike aktivitetar som skal gjennomførast. Dette gjeld både for aktivitetar i regi av prosjektet, men også for andre aktørar som eventuelt ynskjer instruktørar eller dansarar til ulike arrangement. Ein slik stad kan då også sjåast å kunna fungera som ein slags artist- og formidlingsportal.

6.6 ARBEID MED ARKIVMATERIALE

Ved Norsk Senter for folkemusikk og folkedans (Sff) har dei mykje arkivmateriale i form av blant anna film- og video-opptak i tillegg til nedteikningar av dans. Også intervjumateriale med personar som vart filma eller som hadde kjennskap til den lokale dansetradisjonen, finn ein også. Materiale er blant det professor emeritus Egil Bakka har samla inn i perioden frå midten av 1960 – 1980-åra. Hordaland var eit av dei fyrste områda han starta å samla inn materiale ifrå. Det finnst også materiale frå seinare tid, og av andre innsamlarar, i arkivet.

Prosjektet skal ta i bruk og dra nytte av det arkivmateriale som finnst for Hordaland. Som påpeikt tidlegare har fleire folkedansarar frå Hordaland har teke utdanning ved NTNU og Sff. Det er då også eit poeng å nytta desse ressursane på ein god måte når det gjeld eit arbeid med arkivmateriale som finnst i Hordaland.

6.7 «BYGDA DANSAR» TIL HORDALAND

«Bygda dansar» er eit treårig danseprosjektprosjekt utvikla og bygd opp av Stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans og vert drive av stiftinga sitt eige senter, Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff). Prosjektet er hovudsakleg retta mot ungdom frå 15 til 19 år. Hovudfokuset i prosjektet er formidling og vidareføring av norsk folkedans, i tillegg til å leggja til rette for folkedans på scene. Det gjennomførast fylkesvis, og miljøa i fylket søkar om å få prosjektet til sitt fylke. Prosjektet gjennomførast i samarbeid med lokallag i folkemusikk- og folkedansorganisasjonane FolkOrg og NU. Det får sitt eige namn med eigen prosjektleiar og prosjektmedarbeidarar. Senteret har det faglege og pedagogiske ansvaret for prosjektet, i tillegg til ansvar for planlegging og gjennomføring.

«Bygda dansar» er eit nasjonalt danseprosjekt hovudsakleg retta mot ungdom frå 15 til 19 år.

«Bygda dansar» har til no vore gjennomført i 8 fylker. Prosjektet held i skrivande stund på i Akershus, og vert frå hausten 2016 starta opp i Rogaland, og frå hausten 2017 i Troms. Dei to fylkeslaga i Hordaland, HU og HFL, har lenge vore interessert i og hatt planar om å søka om å få «Bygda dansar» til Hordaland. Neste sjanse for å få prosjektet til Hordaland vert ifrå hausten 2019. Det at det her finnst tid til å både førebu og styrka lokalmiljøa og tradisjonsdansarane i Hordaland til eit slik prosjekt, sjåast

som positivt. Med prosjektet «Bygda dansar» er det eit ynskje å styrke folkedans som kulturarv, kunstnarleg uttrykk og samværsform¹³. Prosjektet har fleire mål. Å sikre at landet til ei kvar tid har gode frilans tradisjonsberarar som kjenner kulturarven og kan delta i dansekunstproduksjonar, er blant anna eit av måla for «Bygda dansar». Prosjektet søker å utvikle nye idear og teknikkar for formidling, prestasjon og undervising av og i folkedans.

Lokalt ynskjer «Bygda dansar»:

- Å rekruttera og læra opp ei gruppe unge dansarar innanfor ein lokal eller regional dansetradisjon til eit godt teknisk og kunstnarleg nivå.
- Å rekruttera nokre få toppdansarar, innanfor denne tradisjonen, som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si anten som frilansdansarar eller pedagogar
- Å gje ungdom eit tilbod om å arbeida med dans på eit høgt nivå.
- Å hjelpa fram dans som attåtning, ikkje minst i bygdemiljø.
- Å gje regionen røynsle med å arbeida med kunstnarlege og sceniske uttrykk på eit godt nivå.
- Å styrka fagkompetansen for dans i lokalmiljøet/ regionen.
- Å inspirera og styrka det vanlege, friviljuge folkedansarbeidet.
- Å styrka den lokale/regionale folkemusikken, mellom anna ved å knyta han sterkare til dansen, som han alltid har høyrte saman med.

«Bygda Dansar» vil gje to dansefaglege stillingar på til saman 150 % i prosjektperioden, og det vil også knytast fleire danseinstruktørar og musikarar til prosjektet.

Ein søknadsprosess i samarbeid med lokallaga for å få «Bygda dansar» til Hordaland lyt takast med som ein av aktivitetane ein arbeidar med undervegs i hovudprosjektprosjektperioden.

6.8 TRADISJONSDANSEN PÅ SCENA

Tradisjonsdans i ein scenisk samanheng har ein etter kvart fått fleire eksempel på, i

13 Henta frå «Bygda dansar» sine heimesider – om målsettinga for prosjektet.

tillegg til det ein kan kalla ein meir «tradisjonell scenisk setting» - kappleikssena.

6.8.1 TRADISJON OG NYSKAPING

Kva er eigentleg å skapa noko nytt? Og korleis meistra dette på ein god måte? Nyskaping innan og utvikling av eit felt oppstår ofte i uventa situasjonar, og ut frå noko som gjerne var tenkt å bli til noko anna enn det faktisk vart til slutt. Nyskaping og utvikling handlar likevel ikkje berre om tilfeldigheit, det handlar om å ha god kjennskap til feltet og kjernen i dette. For dansen handlar dette mellom anna om samspelet mellom musiken og dansen – og dansarane i mellom, historie, uttrykk, ideal, motpolar og ytterpunkt, setting og situasjon, med meir. Kanskje for tradisjonsuttrykk spesielt – men også generelt for alle typar av uttrykk, bør ein lytta til og ta med seg det velkjende utsegnet som mellom anna har vore ytra av den kjende spelemannen Knut Buen «Ein må kunna apa for å kunne skapa». Det handlar om at ein gjennom å ha tileigna seg ein stødig grunnmur av kompetanse gjennom å læra av den kunnskapen som finnast – det som har vorte gjort før, har eit stødigare grunnlag, eller eit betre utgangspunkt og moglegheiter for å skapa noko nytt – som med eit slikt utgangspunkt også må sjåast som noko grundig og vel underbygga. Samstundes lyt ein også vera open, til dømes når det gjeld å testa ut kor dei ulike grenser går, for betre å kunna finna nettopp kvar desse eventuelt finn stad, og kvar dei eventuelt skal vera framover.

Å skapa noko nytt kan såleis sjåast å innehalda komponentar av både grundig kjennskap til og djupdukk inn i tradisjonen, og openheit for og søken etter å finna ytterpunkta og ulikskapar i uttrykk ut ifrå kjerna til tradisjonsdansen. Ein bør på bakgrunn av dette difor leggja til rette for at dei mest røynde folkedansarane med godt med kompetanse er med i utviklinga og nyskapinga på feltet.

6.8.2 RIKSSCENEN

Riksscenen – scene for folkemusikk og folkedans – fokuserar på tre utgangspunkt for folkedans. Desse tre fokusområda har dei kalla «Dansescenen», «Dansedykk» og «Dansenfest». Fylgjande er henta frå deira heimesider¹⁴:

14 <http://www.riksscenen.no/folkedansen.322121.no.html>

«Dansescenen skal være en arena for profesjonelle folkedansere og visningsted for nye sceniske produksjoner. Vi vil videre under tittelen Dansedykk sette fokus på forskjellige dansetradisjoner i Norge i samarbeid med organisasjoner og lag som i tiår har ivaretatt og videreutviklet disse. Kurs i dans og dansespel med de beste instruktørene og dypdykk i private og offentlige arkiv. Og sist, men ikke minst, inviterer vi til Dansefest der musikken, dansen og det sosiale samværet får utfolde seg fritt.»

Det er høgst aktuelt for prosjektet «Folkedans i Hordaland» å nytta dei moglegheitene ein kan sjå i samband med Riksscenen. Ein kan sjå «Dansescenen» som aktuell i samband med framsyningar av sceniske tiltak i prosjektet. «Dansedykk» med påfølgjande «Dansefest» er også særst interessante då desse kan gje rom for å dykka ned i materiale, utveksla erfaringar, og få nye innspel og inspirasjon med fokus på tradisjon og uttrykk saman med folkedansarar frå andre regionar.

6.8.3 DANSEKOMPANI

Av dei ulike dansekompania som har sitt opphav frå eller røter i tradisjonsdansen kan ein blant anna nemna Kartellet, Villniss, Frikar og Hildur dansekompani.

Med dansaren, koreografen og pedagogen Sigurd Johan Heide i spissen, har Kartellet blant anna utfordra korleis ein er plassert som publikummar i ei danseforestilling. Ein sit midt i mellom ei samling dansande menn og oppleve danseforestillinga både på nært hald, på avstand, og plutselig som ein deltagande part, då dansarane brukar heile rommet – inklusiv rommet under stolane publikum sit på. Dette er berre eit eksempel på sceniske verkemiddel ein tradisjonelt ikkje har brukt i samband med framsyning av folkedans.

Dei ulike dansekompania har sine eigenskapar og særtrekk, men har det til felles at dei formidlar tradisjonsdans, i både nyare og eldre drakt, til eit breitt publikum. Dansekompania bør sjåast som viktige inspirasjons- og motivasjonskjelder for både nybyrjarar og røynde dansarar, og såleis også sjåast som ein faktor som kan virka inn på rekruttering til tradisjonsdansen. Dansekompania bør på bakgrunn av dette tenkjast inn i samband med aktivitet og tiltak i eit hovudprosjekt.

6.8.4 HORDALENDINGAR PÅ KAPPLEIKSCENA

På årets (2016) landskappleik deltok det fleire hordalendingar og det var også fleire som vann. I super-D-klassen¹⁵ vann Brit Sørland og Per Øyvind Tveiten med springar frå Kvam og representerte laga Bygdedanslaget i Bjørgvin og Kvemmingen Spel- og dansarlag. Dansarane Sigrun Kvandal og Erik Bjerring Hansen, også frå Kvam, deltok i same klasse medan Ami Petersson Dregelid og Håkon Dregelid som representerte Voss spelemannslag deltok i Dans Hardingfele klasse A¹⁶. Torkjell Lunde Børsheim kom på 2. plass i Halling klasse A. Både spelemannslaga frå Voss og frå Hardanger deltok i *både* lagspel og lagdans. Hardanger spelemannslag deltok også med juniorspelemannslag. I lagspel junior deltok også Bergen juniorspelemannslag, og spelte seg til ein fyrsteplass. Hordalendingar vann også junior- og seniorklassen i dusrspel. I Spel Hardingfele klasse C¹⁷ representerte heile 11 av 27 deltakarar i klassen eit lokallag ifrå Hordaland.



Bergen juniorspelemannslag i aksjon under Landskappleiken 2016, der dei vann sin klasse. Foto: Svein Ole Valde.

I tillegg til dei nemnde her, var det nokre fleire hordalendingar som deltok på årets landskappleik, men det kunne ha vore mange fleire – og då særskilt på dans. Det var til dømes ingen C-klassingar frå Hordaland som deltok i pardardans. Til samanlikning var lokallag frå Valdres, Telemark og Hallingdal tungt representerte.

15 Klasse D: for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 60 år (FolkOrg, 2016).

16 Klasse A: for dei som gjennom to landskappleikar i klasse B har dokumentert at dei er kvalifiserte for denne klassa (FolkOrg, 2016).

17 Klasse C og junior: for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 år til og med det kalenderåret dei fyller 18 år.

Å få fleire hordalendingar på kappleiksscenen treng ikkje å reknast som eit mål for eit hovudprosjekt, men det kan tenkjast å fylgja som ein konsekvens av ei auka satsing på folkedansen i fylket. Det er nærliggande å tru at ein ved å ha ei satsing på tradisjonsdansen i Hordaland også vil generere fleire deltakarar frå Hordaland. Ei satsing vil truleg visa att på kappleikscena på talet av dansande hordalendingar, og ein kan då bruka dette som ein «målestokk».

6.9 UT I VERDA TIL EIT BREITT PUBLIKUM

Ein kan nå ut i verda til eit breitt publikum med tradisjonsdansen, om ein synleggjer den på stadar der turistar ferdast – som til dømes på musea, eller ved at tradisjonsdansarar vert hyra inn til å dansa på cruiseskip. Det kjem meldingar frå turistnæringa om at sommaren 2016 går mot å bli eit rekord-år når det gjeld turisme til Noreg. Når det kjem til å oppleve nye kulturar på stadar ein besøker som turist, kan musikk og dans sjåast som «crème de la crème». Det er ofte etterspurnad etter grupper som kan synga, spela og dansa for turistar som kjem frå alle verdas kantar. Framsyningsdans, også kalla folkloredans, har i nokre miljø ikkje alltid vore like «populært». Uansett popularitet i diverse miljø eller ikkje – det er absolutt ein aktivitet som gjennom tidene har synleggjort om ikkje heile, så i alle høve visse delar av dansearven. Med den auka ein ser i turismen til Noreg i dag, bør ein ikkje avfeie dei moglegheitene som ligg i å syne tradisjonsdans- og musikk i ein slik setting. Det er sjølvsagt alltid rom for fornying – og det gjer det også spennande. Næringspotensialet som ligg i ei formidling og framsyning av tradisjonsdansen bør ikkje undervurderast. I tillegg kan framsyning opna dører for å eksportera dansen vidare ut i verda. Fleire gongar har nordmenn til dømes vore over til Amerika og synt fram og instruert tradisjonsdans.

7. SYNERGIEFFEK TAR

Når ein ser dei ulike tiltaka under eitt, kan ein sjå at det er tiltak som både kan stå aleine men også bygg opp under kvarandre, og vidare bidrar til andre positive effektar.

Ei satsing på tradisjonsdansen kan gje effekt for meir enn formidling, bruk og vern av, og ei auke i aktivitet for tradisjonsdansen aleine. Ei slik satsing har også noko å seie for mangfald og utvikling – både kulturelt, sosialt og samfunnsmessig.

Vi var inne på at eksport av tradisjonsdansen kan ha eit næringsaspekt. Det er i høg grad interessant å kikka nærare på fleire moglegheiter i samband med tradisjonsdans når det kjem til næringsverksemd, i tillegg til turisme og eksport. Dette kan bidra til fruktbart samarbeid mellom kultur- og anna næring. Ei satsing på tradisjonsdansen kan ut frå dette oppnå vidare synergieffektar.

I tillegg til aspekt som gjeld vern og vidareføring, mangfald, utvikling og næring, kjem også aspektet knytt til at dans er ein helsefremmande aktivitet. Ei satsing på, og ei auke i aktivitet når det gjeld tradisjonsdans, kan ein difor hevda vil bidra til betre helse og velvære – både fysisk og psykisk.

8. ORGANISERING


Den vidare satsinga på tradisjonsdansen i Hordaland bør organiserast som eit prosjekt inn under Hardingfela.no sin aktivitet. Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum vil då vera eigarar av hovudprosjektet «Folkedans i Hordaland». Rådet for Hardingfela.no, som er forankra i dei aktuelle laga og institusjonane, vil då også vera rådgevande organ for dansesatsinga.

Om eit slikt større prosjekt for ei satsing på tradisjonsdansen i Hordaland skal kunne gjennomførast på ein god og grundig måte, sjåast det naudsynt at hovudprosjektet vert organisert, administrert og leia av ein prosjektleiar. Det bør også vera stillingsprosentar knytt til arbeid med utøving, formidling og opplæring. Det er eit poeng at prosjektet også skal hyra inn gode folkedansarar og -musikarar. Dette med tanke på å nytta dei ressurspersonane vi har rundt omkring i fylket, men vi lyt også dra vekslar på ressursar utanfor fylket, i dei tiltaka der det er eit poeng. Ein lyt sjå tiltaka ein skal setta i gong i samanheng med kva for menneskelege ressursar ein har tilgjengeleg til dei ulike tiltaka til ulike tider. Vidare må ein også sjå på korleis ein kan organisera arbeidet og fordela oppgåvene mest mogleg hensiktsmessig mellom desse ressursane. Det er eit poeng å få fordelt arbeidet på fleire formidlande, utøvande og pedagogiske ressurspersonar, slik at ein såleis får nytta fleire ulike personar, med ulik kompetanse. Eit anna aspekt i dette handlar også om lokal kunnskap og lokal tilhøyrslø.

8.1 SAMARBEIDSPARTNARAR

HFL og HU har vore samarbeidspartnarar i forprosjektet og det er naturleg at desse to fylkeslaga vert med på vegen vidare i ei vidare satsing. I tillegg er det vidare naturleg å trekka til seg, og arbeida endå tettare med dei ulike lokallaga og andre aktørar, der det sjåast som naudsynt, og der det er interesse for det. Det er vesentleg at prosjektet har tett dialog med lokale aktørar slik som til dømes lokale spelemanns- og ungdomslag. Om ein gjennom eit hovudprosjekt initierer og organiserer ulike tiltak i ei satsing, så er det i siste ende ute i lokalmiljøa mange av desse tiltaka er tenkt å leva vidare etter at prosjektet er avslutta. Dette gjeld kanskje spesielt for dei tiltaka som kan kallast for meir lavterskeltilbod, som øvingar kvar veke, eller samlingar i regi av det lokale dansarlaget. Akkurat dette er gjerne eit av dei viktigaste argumenta for ein tett dialog. I tillegg sit også ungdoms- og spelemannslag på mykje kompetanse knytt til utøving, opplærings- og arrangørverksemd, og bør difor sjåast som heilt vesentlege ressursar i ei satsing. Det vil også vera naturleg å trekka vekslar på dei aktørane som allereie er samarbeidspartnarar med dei to eigarinstitusjonane Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet.

Fyljande figur illustrerer prosjektorganiseringa:



Figur 2, Prosjektorganisering

8.2 PROSJEKTLEIARS OPPGÅVER

Prosjektleder sine oppgaver vil vera å leia og administrera prosjektet, i tillegg til å ha det overordna ansvaret for oppfølging av tiltaka som vert bestemt sett i verk, og at dei vert gjennomført. I tillegg lyt prosjektleder syta for eit overordna overblikk og ei samordning med andre aktørar på folkedans- og folkemusikk spesielt, men også kulturfeltet i Hordaland som heilskap. Dette fordrar kommunikasjon og dialog med mange ulike aktørar.

9. PRIORITERING AV TILTAKA - EIN FØREBELS PROSJEKTPLAN

For at ein skal kunna fokusera innsatsen, og på den måten få større slagkraft, ser ein det som naudsynt å prioritera nokre tiltak om gongen, i dei ulike prosjektperiodane. Ein har forsøkt å sjå dei ulike tiltaka i relasjon til kvarandre for å prioritera dei, og vidare ut frå dette freista å skissere eit framlegg til prosjektplan for hovudprosjektet. Dette er som tidlegare poengtert berre ei skisse, og ein lyt utarbeida dei ulike tiltaka i samråd med aktuelle samarbeidspartnarar. Då det er ei skisse, er det heller ikkje ei fullstendig oversikt over moglege tiltak og aktivitetar.

1. periode 2016-2017

<i>Hausten 2016</i>				
Fokusområde: Arkivmateriale – førebu materiale til vidare bruk i prosjektet. Born og unge som allereie spelar, syng og/ eller dansar. Røynde dansarar og instruktørar/ komande instruktørar. Museum – førebu og leggja til rette for tradisjonsdansen på museet.				
Ansvar/ samarbeid	Tiltak	Målgruppe/r	Siktemål	Frekvens/ Tids- horisont/ Tidspunkt
Hardingfela.no i samarbeid med lokale spelemannslag/ ungdomslag	Møteplassar for born og unge som allereie spelar eller syng folkemusikk, og/ eller dansar folkedans.	Born og unge som spelar og syng folkemusikk og/ eller dansar folkedans frå før frå før.	Skapa møteplassar som kan bidra til samhald, inspirasjon og motivasjon for dei unge som allereie driv med folkemusikk og folkedans.	Månadleg.
Prosjektleiari i samarbeid med representantar frå lokale lag og andre aktuelle aktørar	Eit felles møte om dei ulike tiltaka ein ynskjer å setta i gang.	Lokale lag og organisasjonar, og andre aktuelle aktørar.	Samarbeid og samordning om ulike aktivitetar og tiltak.	September/ oktober.
Prosjektleiari	Arbeid med arkivmateriale	–	Undersøking, førebuing og tilrettelegging av materiale som kan brukast i dei ulike tiltaka under prosjektperioden.	Jamt. Fyrste avtale med arkivet ved Sff i Trondheim er i slutten av august 2016.
Hardinfela.no/ Osafestivalen	UngOsa. Kurs for born og unge under Osafestivalen	Born og unge	Bevisstgjerings rundt Spel og song til dans, og dans til spel og song.	Oktober

Prosjektleiar	Danseverkstad ('Workshop')	Røynde folkedansarar og -instruktørar i Hordaland.	Møtestad for den tilsikta målgruppa der det kan utvekslast kompetanse og erfaringar. Bør haldast 1-2 gonger i semesteret og at det bør vera rundt 10 deltakarar på kvar verkstad.	November (Med mogleg framsyning av det ein har arbeida med)
Prosjektleiar i samarbeid med aktuelle skular og lokallag. Hardanger og Voss museum.	Førebuing og planlegging av vårsemesteret til dømes skuleturneen og førebu og legga til rette for tradisjonsdansen på museet.	-	Førebu og planlegga skuleturne og andre tiltak for våren i samanheng til aktivitetar frå andre arrangørar, som til dømes DKS.	Jamt.
<p><i>Andre aktiviteter som skjer hausten 2016:</i></p> <p>23.-25. september: Belgtreffen i Øystese.</p> <p>30.september - 2. oktober: Vestlandskappleik, i Bergen.</p> <p>14.-16. oktober: Oktoberfestivalen i toraderspel, i Myrkdalen (Vestlandsmeisterskap).</p> <p>27.-30. oktober: Osafestivalen og (UngOsa. Under UngOsa vert det kurs i dans, spel og song.</p>				

<p><i>Våren 2017</i></p> <p>Fokusområde: Formidling og møteplassar med størst vekt på born og unge. Grunnskulen. Instrutørar.</p>				
Ansvar/ samarbeid	Tiltak	Målgruppe/r	Siktemål	Frekvens/ Tidshorisont
Hardingfela. no inviterer og arrangerer.	Seminar med 'workshops'	Folkedans- og	Arbeid med spel og song til dans og dans til spel og song.	Januar/februar
Hardingfela. no i samarbeid med DKS.	Skuleturnear ved 10 utvalte skular.	Born og unge som ikkje spelar og syng folkemusikk eller dansar folkedans frå før (nye rekruttar).	Rekruttering. Å bygge opp under/ bygge på aktiviteten til andre aktørar.	2-3 danseøktar per skule, fordelt over 3 veker.

Hardingfela. no i samarbeid med HFL og HU.	«Bornas Folkefest» (Bergen?) (Aktivitets- og opplevingsdag med folkemusikk og folkedans)	Born og unge frå heile Hordaland som driv med folkemusikk og folkedans. I tillegg skal arrangementet også gje eit tilbod til born og unge som ikkje har så mykje kjennskap til folkemusikk og folkedans. Her bør dei 10 skulane som ein har vore innom, vera spesielt inviterte til å delta.	Møtestad for dei som held på med folkemusikk- og folkedans, i tillegg til å synleggjera folkemusikken og folkedansen for ei større gruppe. «Bornas Folkefest» skal vera eit høve for å oppleva instrumentet, musikken og dansen, som ynskjer det.	Mai/ juni
Prosjektleder, Hardingfela. no, Hardanger og Voss museum.	Tradisjonsdansen på museet.	Publikum ved musea.	Formidling og rekruttering, tradisjonsdansen på museum. Førebu og leggja til rette for tradisjonsdansen på museet.	Jamt.
Prosjektleder i samarbeid med aktuelle aktørar.	Førebuing og planlegging av neste periode.	-	Førebuing, planlegging, samarbeid og samordning med andre aktørar om aktivitetar og tiltak for neste periode.	Jamt.

Andre aktiviteter som skjer våren 2017:

Denne våren turnerar også danseverkstaden «Spring, dans, hopp, aldri stopp!» med Halldis Folkedal, Frank Henrik Rolland og Anita Vika Langødegård. Ein eventuell skuleturné bør samordnast med dette tilbodet, der det let seg gjere. Turneen skal vitja skular i mellom anna Radøy, Sveio, Etne og Kvinnherad. Tilbodet er for 4.-7.-trinn (<http://hordaland.ksys.no/produksjon/1002924>).

2. periode 2017-2018

<i>Hausten 2017</i>				
<p>Fokusområde: Røynde folkedansarar. Kulturskulane. Danselærarar i kulturskulane. Prosjekt med kulturskular som munnar ut i ei framsyning (til dømes under «Bornas Folkefest» våren 2018).</p>				
Ansvar/ samarbeid	Tiltak	Målgruppe/r	Siktemål	Frekvens/ Tidshorisont
Prosjektleiari og Hardingela.no i samarbeid med aktuelle lokallag	'Worshop' med påfølgjande framsyning av det deltakarane har arbeida med.	For røyndedansarar som ynsker utfordring og utvikling.	Møtestad og arena for røynde dansarar. Bygga opp om utvikling og	2-3 møter
Hardingfela.no og kulturskulane	Kurs/danseverkstad i tradisjonsdans for kulturskulelærarar i dans.	Danselærarar i kulturskulen.	Formidla og synleggjera tradisjonsdansen for dansarar innan andre genre.	2 dagar
Hardingfela.no og kulturskular, frivillige lag og organisasjonar.	Samarbeidsprosjekt som munnar ut i ein framsyning på våren 2018.	Danselevar i kulturskular, kulturskulelærarar, røynde folkedansarar.	Møteplass for utprøving og utvikling.	Jamt, i tillegg til nokre samlingar
Prosjektleiari i samarbeid med aktuelle aktørar.	Førebuing og planlegging av neste periode.	-	Førebuing, planlegging, samarbeid og samordning med andre aktørar om aktivitetar og tiltak for neste periode.	Jamt.

<i>Våren 2018</i>				
Fokusområde: Formidling og møteplassar. Foreldregenerasjonen. Barnehage- og grunnskulelærar.				
Ansvar/ samarbeid	Tiltak	Målgruppe/r	Siktemål	Frekvens / Tidshorisont
Hardingfela.no, kulturskular, frivillige lag og organisasjonar	Framsying av	Danseelevar i kulturskular, kulturskulelærarar, røynde folkedansarar, born og unge som spelar, syng og dansar frå før. Eit breitt publikum.	Formidling og rekruttering.	1(-2) framsying(ar)
Hardingfela.no i samarbeid med HFL og HU, og andre aktørar som til dømes Festspillene i Bergen eller Musikkfest Bergen. (Første moglegheit for samarbeid med festspillene er 2018).	«Bornas Folkefest»	Born og unge frå heile Hordaland som driv med folkemusikk og folkedans. I tillegg skal arrangementet også gje eit tilbod til born og unge som ikkje har så mykje kjennskap til folkemusikk og folkedans. «Bornas Folkefest» skal gje høve til å oppleve instrumentet, musikken og dansen, for alle som ynskjer det.	Formidling og rekruttering.	I mai/ juni
Hardingfela.no i samarbeid med lokale lag og organisasjonar.	«Foreldredans»	For foreldra til deltakarane i prosjektet.	Auka engasjement, rekruttering.	1 – 2 øvingar (1 time kvar gong) for framsyninga medan ungane øver.

Hardingfela.no/ Ole Bull Akademiet.	Seminar og 'workshop' – «Kva kan ein få ut av folkedans» - Bruk av folkemusikk og folkedans i barnehagen og skulen.	Barne- og grunnskulelærarar.	Heving av kompetanse og interesse for tradisjonsdansen i barnehagar og skular.	1-2 møter, som vekeskurs ved Ole Bull Akademiet.
Prosjektleiari i samarbeid med aktuelle aktørar.	Førebuing og planlegging av neste periode.	-	Førebuing, planlegging, samarbeid og samordning med andre aktørar om aktivitetar og tiltak for neste periode.	Jamt.

3. periode 2018-20

<i>Hausten 2018</i>				
Fokusområde: Formidling Rekrutterings-/ promoteringsrunde BD, skular og andre offentlege rom.				
Ansvar/ samarbeid	Tiltak	Målgruppe/r	Siktemål	Frekvens/ Tidshorisont
Hardingela.no i samarbeid med aktuelle scenar.	Framsyning av gruppa med meir røyne folkedansarar.		Formidling og rekruttering.	2(-4) framsyningar.
Prosjektleiari og Hardingfela.no i samråd med Sff.	Formidling/ promotering av BD-prosjektet.	Ungdomsskule-/ vidaregåande elevar.	Formidling og rekruttering. Førebuing for BD.	Hautsemester og haustemester (2018-2019).
Prosjektleiari i samarbeid med aktuelle aktørar.	Førebuing og planlegging av neste periode.	-	Førebuing, planlegging, samarbeid og samordning med andre aktørar om aktivitetar og tiltak for neste periode.	Jamt.

<i>Våren 2019</i>				
Fokusområde: Formidling 1. og innleiande rekrutteringsrunde til «Bygda dansar»				
Ansvar/ samarbeid	Tiltak	Målgruppe/r	Siktemål	Frekvens/ Tidshorisont
Prosjektleder og Hardingfela.no i samråd med Sff.	Rekruttering av kandidatar til prosjektstillingar BD.	Røynde dansarar og instruktørar.		
Prosjektleder og Hardingfela.no i samråd med Sff.	Promotering av BD-prosjektet.	Ungdomsskule-/vidaregåande elevar.	Rekruttering av ungdom til BD-prosjektet.	2-3 timar per skule.
Prosjektleder og Hardingfela.no i samråd med Sff.	Rekruttering av deltakarar til BD-prosjektet.	ungdomsskule-/vidaregåande elevar.	Rekruttering av ungdom til BD-prosjektet.	Gjennom vårsemesteret.
Prosjektleder, Sff og Hardingfela.no i samarbeid med aktuelle aktørar.	Førebuing og planlegging av overgangen til neste periode – «Bygda dansar».	-	Førebuing, planlegging, samarbeid og samordning med andre aktørar om aktivitetar og tiltak for neste periode.	Jamt.

Perioden 2019-2022 «Bygda dansar»

«Bygda Dansar ønsker å styrke folkedans som kulturarv, kunstnerisk uttrykk og samværsform, og knytte den lokale folkemusikken sterkere til dansen. Det er et mål å stimulere til dans som sosial aktivitet og næring i regionen.»¹⁸

Neste sjansje for å få prosjektet «Bygda dansar» til Hordaland vert ifrå hausten 2019. Det er viktig at vi har desse åra til å førebu og styrka lokalmiljøa og tradisjonsdansarane i Hordaland, fram mot prosjektet «Bygda dansar». Eit styrka og aktivt tradisjonsdansmiljø i Hordaland vil då står betre rusta til å til å få endå meir ut av «Bygda dansar»-prosjektet, enn om ein ikkje hadde hatt mogleg for ein slik treårig prosjektperiode i forkant.

18 Frå «Bygda dansar» sine heimesider.

10. ØKONOMI OG FINANSIERING

For å gjennomføra det treårige hovudprosjektet er ein avhengig av finansiering gjennom KUP-midlar frå Hordaland fylkeskommune, i tillegg til eigenfinansiering ifrå eigarinstitusjonane. Ein søker difor Hordaland fylkeskommune om midlar til dette prosjektet.

«Bygda dansar»¹⁹ går over tre år (2019-2022) og finansierast av Senter for folkemusikk og folkedans sitt faste tilskot frå Kulturdepartementet og medfinansiering frå fylkeskommunen (12%) (Norsk senter for folkemusikk og folkedans, 2014).

11. SAMANDRAG



Hardanger Spelemannslag tevlar i lagdans under Landskappleiken 2016. Foto: Hans Olav Øvre.

Formålet med ei satsing på folkedans i Hordaland er å leggja til rette for gode vekst-
vilkår, auka interesse og forståing for tradisjonsdansen. Hovudprosjektet vil vera med å
bidra til eit løft og bygga opp miljøa og aktiviteten i fylket. Det skal også bidra til å gjera
folkedansen frå Hordaland meir synleg for innbyggjarane i fylket, men også på nasjonalt

19 Sjå utfyllande informasjon om dette prosjektet under kapittelet «Bygda dansar til Hordaland».

nivå og ute i verda. Vidare etter hovudprosjektperioden ynsker ein å søka om å få det treårige prosjektet «Bygda dansar»²⁰ til Hordaland frå hausten 2019. Samla, med ei treårig satsing gjennom eit hovudprosjekt og det treårige «Bygda dansar»-prosjektet, ser ein ei satsing på tradisjonsdansen i Hordaland over eit tidsperspektiv på 6 år.

Som skrive innleiingsvis vart forprosjektet initiert med det formålet at det skulle bidra til ei grundigare klargjering av kva for innhald, rolle og organisering ei satsing på folkedansen i fylket bør ha. I tillegg såg ein eit behov for å sjå Hordaland si satsing i samanheng til arbeid med tradisjonsdans elles i landet, og i samanheng med arbeidet som skjer lokalt. Ved ei nærare undersøking av desse problemstillingane har nokre hovudmoment trått fram når det gjeld innhald, rolle og organisering.

Om vi startar med kva for *organisering* ei satsing på tradisjonsdansen bør ha, ser ein det som tenleg at den vidare organiserast som eit prosjekt, og som ein del av Hardingfela.no sin aktivitet. Det sjåast følgeleg som vesentleg at danseprosjektet har ei samordnande *rolle* på folkedansfeltet i Hordaland. Det skjer mykje bra i Hordaland når det gjeld tradisjonsdansen. Mykje arbeid er lagt ned i kurs og samlingar for born og unge. Det er viktig at dette arbeidet - med organisasjonane, laga og eldsjelene som står i spissen for dette arbeidet – får støtte og gode tilhøve for fortsatt arbeid. Det er ikkje eit ynskje at Hardingfela.no med ei satsing på tradisjonsdansen i fylket, skal gå lokallaga «i næringa» ved å oppretta eller å overta aktivitet desse aktørane allereie har satt i gang. For å unngå dette, og for å få best mogleg effekt av satsinga, vert det som fleire gongar poengtert, svært viktig å få til ein god dialog lokallaga seg imellom, og mellom desse og Hardingfela.no. I tillegg lyt ein også ha dialog og god kommunikasjon med andre kultur- og idrettsaktørar.

Når det gjeld *innhald* bør ikkje prosjektet ha for mange hovudsatsingsområder. Det sjåast difor som formålstenleg å fokusera på tiltak som bygg opp under hovudsatsingsområda

- formidling
- rekruttering
- styrka, utvikla og auka aktivitet. (Vil fordra samarbeid og samhandling).

20 Sjå utfyllande informasjon om dette prosjektet under kapittelet «Bygda dansar til Hordaland».

Hovudmålgruppene ein i fyrste omgang ser det formålstenleg å satsa på:

- born og unge
- folkedansinstruktørar
- røynde tradisjonsdansarar

Det handlar her om ei formidling og synleggjering av dansearven frå Hordaland, eit fokus på born og unge i rekrutteringa; styrking, rekruttering og utvikling av gode instruktørar på tradisjonsdans; styrking og oppbygging av miljøa, i tillegg til å styrka den aktiviteten og dei tiltaka som genererast av ressursmiljø og ressurspersonar. Aktivitet og tiltak knytt til samarbeid og samhandling bør sjåast som ein parallell aktivitet i samanheng til desse arbeidsområda.

Tiltaka og måla er fleire, og vil vonleg legga til rette for gode vekstvilkår for tradisjonsdansen i Hordaland slik at vi kan behalda og vidare utvikla han gjennom bruk. Ein har gjennom dette dokumentet lagt fram og diskutert ein del ulike aktivitetar og tiltak som ein ser tenleg ut frå hovudprosjektet sitt formål.

Ei betre *samordning* og auka *samhandling* for heile folkemusikk og folkedansfeltet i fylket, kan vera formålstenleg. Det er ikkje berre vesentleg for å stø opp om og styrka det gode arbeidet som allereie finn stad, men også viktig når det gjeld samarbeid, utvikling og utveksling av kompetanse mellom ulike miljø og kulturaktørar. Som det har vore peika på tidlegare finnast fleire engasjerte folkedansarar og folkedansinstruktørar i fylket, som meir enn gjerne ynskjer å få til noko. Desse ressurspersonane og -miljøa lyt få støtte og hjelp i sitt arbeid med tradisjonsdans. Det bør difor i ei satsing på folkedansen i Hordaland arbeidast på lag med desse ressurspersonane og -miljøa. Saman med tilrettelagde møteplassar handlar ei samordning og samhandling om å styrka og bygga miljøa slik at dei kan dra nytte av kvarandre og oppnå eit utvida og betra tilbod. Vidare vil ein kunne oppnå at tiltaka får ei større kraft. Det vil også vera vesentleg for samarbeid og samordning at ein kontinuerleg opprettar og oppdaterer kontaktlistar, informasjon og liknande for aktørar det er vesentleg å ha ein god dialog med. Det bør på bakgrunn av dette sjåast nærare på korleis, og kva for eventuelle verktøy ein kan nytta, for å få til ein betra og kontinuerleg kommunikasjon mellom dei ulike aktørane. I startfasen av hovudprosjektet bør ein samla representantar frå dei lokale laga og andre aktuelle aktørar, for eit felles møte der ein samordnar dei ulike tiltaka.

Å oppretthalda, vidareutvikla og oppretta nye *møteplassar* sjåas som viktig i arbeidet med ei auka formidling av og deltaking i folkemusikk og folkedans. Nokre av møteplas-

sane kan sjåast som lavterskeltiltak, men er tiltak med særst stor verdi. Tilskipingar av møteplassane bør i hovudsak vera eit *samarbeid* mellom dei frivillige laga og Hardingfela.no, og skal vera eit bidrag når det gjeld å støtta og auka aktiviteten i dei lokale laga, gjennom moglegheitene for å møtast. Slike møteplassar kan ha ein viktig innverknad på engasjement og motivasjon og bør sjåast vesentlege i arbeidet med å bygga eit miljø og ein samhørigheit rundt musikk- og danseaktivitetane. Aktive og levande miljø som kan ta godt imot, og halda på nye born og unge – og folk elles – som ynskjer å ta del i folkemusikken og folkedansen, er avgjerande.

Å setta i verk tiltak som betrar moglegheitene for *utvikling* og *kompetanseheving* for røynde instruktørar og dansarar er også vesentleg. Instruktørar og røynde dansarar er viktige i både formidlings- og rekrutteringsarbeid. At desse får mogleg for å treffast og dansa, utveksla idear og erfaringar saman, er også viktig for motivasjonen og engasjementet, i tillegg til at det bidrar til utvikling og kompetanseheving. Hardingfela.no arrangerte i februar eit instruktørseminar for folkedans- og folkemusikkinstruktørar samla, og har som mål å arrangera eit slik seminar årleg.

Når det gjeld *rekrutterings- og opplæringsarbeid* bør ein her også samarbeida og samordna aktiviteten med lokale ressursmiljø og ressurspersonar som kan fylgja aktiviteten vidare opp. Det lyt også tenkast nytt omkring rekruttering. Sjølv om hovudmålgruppa for satsinga bør vera born og unge, må ein ta omsyn til at det kan ha god effekt å også arbeida opp mot andre grupper, som til dømes foreldregenerasjonen. Vidare må ein forsøka å nå ut til og rekruttera nye born og unge også på andre arenaer i tillegg til i skulen. Dette kan vera på kor- eller korpsøving, fotballtrening, speidarleir og liknande.

Fleire av dei ein har vore i kontakt med i forprosjektprosessen peika spesifikt på at jamnleg og systematisk opplæring i dans generelt, og folkedans spesielt, sannsynlegvis er ei mangelvare i norsk skule. Om ein skal drive slik opplæring er ein avhengig av at ein har lærarar eller andre ressurspersonar ein kan dra veksling på, med kompetanse på og forståing for tradisjonsdans. Når det gjeld samarbeid med skular rundt om kring i fylket, verkar det å vera vesentleg å oppretta tidleg kontakt og finna gode løysingar for skulane. Dette kan til dømes handla om korleis ein kan bidra med formidling av og undervising i tradisjonsdans.

I tillegg er det interessant å sjå nærare på eksisterande og alternative moglegheiter når det gjeld å formidla tradisjonsdansen innanfor skule- eller SFO-tida.



Bilete henta frå dansefilmen “Saman og åleina”.
Foto: Andreas Løken/Noregs Ungdomslag.

Ei satsing som «Folkedans i Hordaland» bidrar til synergieffektar. Dans er kultur, men også kroppsleg, fysisk og mental fostring, og har derav også helsebringande effektar. I tillegg til at ei satsing på tradisjonsdansen vil bidra til positive helsebringande effektar, vil den også ha positiv innverknad på sosial og kulturell interaksjon.

Dei ulike tiltaka ein her har kome med framlegg om, bør sjåast som middel i arbeidet med vern og vidareutvikling av tradisjonsdansen gjennom bruk.

LITTERATUR- OG KJELDELISTE

Bamford, A. (2012). Arts and cultural education in Norway. Bodø: Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen, Universitetet i Nordland.

Bjørndal, A., & Alver, B. (1985). In Alver B. (Ed.), - Og fela ho lét : Norsk spelemannstradisjon (2. utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.

Erlie, T. (2014). "A dance museum – museums and institutions in Europe promoting dance and intangible cultural heritage", choreomundus - international master in dance knowledge, practice and heritage. (Masteroppgave, NTNU).

Erlie, T. (2015). Danseformidling på museer i ny drakt. 29 (Musikk og Tradisjon, Novus Forlag)

Folkedal, H. (2012). Folkedans i kulturskolen. Noregs Ungdomslag (NU).

Tevlingsreglement for Tevlingar i Regi Av FolkOrg, B 10 (2016).

Kjerland, A. K. (2013). Hardingfelesenteret - styrking og vidareføring av ein tradisjon. (Forprosjektrapport). Utne: Hardanger og Voss museum.

Norsk senter for folkemusikk og folkedans. (2014). Orientering til søkjarar om Bygda dansar.

Nettkjelder

bygdadansar.no, Om målsetting for «Bygda dansar». Henta 10.mai, 2016, frå <http://www.bygdadansar.no/bygda-dansar/malsetjing>

hordaland.ksys.no, Hordaland fylkeskommune, Kunst- og kulturformidling. Henta 31.mai, 2016, frå <http://hordaland.ksys.no/produksjon/1002924>

husetibygda.no. (2015). Om "huset i bygda". Henta 4.mai, 2016, frå <http://www.husetibygda.no/om-huset-i-bygda/>

riksscenen.no, Om riksscenenens tre forskjellige fokus på folkedansen. Henta 7. mars frå

<http://www.riksscenen.no/folkedansen.322121.no.html>

unesco.no, UNESCO om immateriell kulturarv. Henta 20.mai, 2016, frå
<http://unesco.no/kultur/immateriellkulturarv/>